



Kortversjon av heilskapleg analyse

Grunnlag for orientering i formannskapet 30. april 2026

Grunnlag for arbeidsverkstad i kommunestyret 20. mai 2026

April 2026



Kva dette dokumentet er

Denne kortversjonen summerer opp hovudfunna frå den heilskaplege analysen av Fjord kommune som er gjennomført på oppdrag frå kommunestyret (sak 19.12.2024). Analysen vurderer organisasjon, struktur og tenestenivå i kommunalområda, og legg fram tiltak på kort, mellomlang og lang sikt.

Kortversjonen er meint å gi kommunestyret eit kort og tilgjengeleg grunnlag for orientering og diskusjon. Den fullstendige analysen vert ettersendt Formannskapet i veke 18.

Dokumentet er ikkje eit vedtaksdokument. Det er eit grunnlag for arbeidsverkstaden 20. mai, der kommunestyret skal byggje felles forståing av situasjonen og diskutere moglege tiltak. Analysen vil og bli nytta i seinare politiske prosessar — særleg gjennom arbeid med levekårsplanen, økonomiplanen 2027–2030 og dei sektorvise planprosessane som allereie er i gang.

Botnlinja

Ressursane er der i dag — men ikkje i 2050. Fram mot 2050 vil Fjord kommune møte ein kraftig auke i tenestebehov og samtidig ei betydeleg redusert tilgang på arbeidskraft. Nedtrappinga av inndelingstilskotet frå 2035 og ein ny inntektsmodell med effekt frå og med 2025 der det Staten definerer som frie inntekter ikkje lenger følgjer utviklinga i andre kommunar, gjer at noverande tenestenivå ikkje er økonomisk berekraftig over tid.

Analysen frå Telemarksforsking viser at ressursane i dag er prioriterte mot kostnadskrevjande institusjonstenester, og bør i større grad vridast mot heim, eigenmeistring og førebygging.

Uansett kva grep kommunen tek på kostnadssida, vil aktiv nærings- og samfunnsutvikling vere avgjerande for å sikre framtidige skatteinntekter og attraktivitet.

Handlingsrommet finst — men det krev politiske val.

Det reelle utfordringsbiletet

Inntektene fell

Kommunens frie inntekter består av inntektsskatt frå innbyggjarar og rammeoverføring frå staten, og utgjer om lag fire femdelar av kommunens disponible midlar. Den nye inntektsmodellen som tok til å verke frå 2025 inneber at rammeoverføringa ikkje lenger vil følgje utviklinga i andre kommunar på same måte som før — over tid vil dette gradvis redusere dei frie inntektene.

Inndelingstilskotet er i 2026 på **25,5 mill. kr.** Frå 2030 startar nedtrappinga med **5 mill. kr per år**, og tilskotet er fullt utfasa i løpet av fem år. Eingongsbeløpet på over 20 mill. kr som blei løyvd ved samanslåinga i 2020 er brukt opp.

Ekstraintekter frå konsesjonskraft, kraftproduksjon og havbruksfond med meir vil ikkje på nokon måte kunne dekke den forventa utgiftsauken og kompensere for det forventa inntektsbortfallet.

Demografien snur

Telemarksforsking si analyse, som komunedirektøren legg til grunn, viser eit langt meir krevjande bilete enn SSB sine framskrivingar:

- Innbyggjartalet fell frå 2 547 i dag til om lag **2 131 i 2050** (middelsalternativet) — ein nedgang på 15 prosent
- Aldersgruppa 0–66 år fell med **28 prosent** (frå 1 909 til 1 367)
- Aldersgruppa 80–89 år aukar med **69 prosent** (frå 163 til 275)
- Aldersgruppa 90 år og over aukar med **192 prosent** (frå 36 til 105)
- Forsørgjarbyrda fell frå 2,3 til **1,4 yrkesaktive per eldre**

Dette er ikkje ei jamn aldring — det er ei dobling av dei med størst hjelpebehov, samtidig som arbeidsstyrken som skal yte tenestene blir vesentleg mindre.

Pensjonsbølga i eigen organisasjon

Innan helse- og omsorgssektoren vil **36 tilsette gå av med pensjon dei neste ti åra** — om lag 26 årsverk av dagens 104. I 2025 lyste kommunen ut 16 sjukepleiarstillingar; berre fem blei besette. Helsepersonellkommissjonen (NOU 2023:4) slår fast at sektoren ikkje kan «bemanne seg ut av utfordringa». Dette gjeld Fjord i særleg grad.

Tenestenivået ligg vesentleg over samanliknbare kommunar

Analysen frå Telemarksforsking viser at Fjord kommune i dag har eit tenestenivå som ligg klart over både KOSTRA-gruppe 6 og landsgjennomsnittet:

- Utgiftsbehovet innan pleie og omsorg ligg **38 prosent over landsgjennomsnittet**
- Ressursbruken i pleie og omsorg ligg **11,3 mill. kr over normert nivå** og innan kommunehelse **16,9 mill. kr over normert nivå**
- Dekningsgrad for heildøgns omsorg er **33 prosent**, mot 24 prosent på landsbasis
- Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon er **7 731 kr**, mot 5 543 kr på landsbasis
- Årsverk i helse og omsorg per 10 000 innbyggjarar er **633**, mot 325 på landsbasis

Tenestene er dimensjonerte for ei tid med fleire innbyggjarar, fleire i arbeidsfør alder og rausare statlege rammer. Den tida er over.

Økonomiske måltal blir ikkje nådd

Kommunestyret har vedteke følgjande økonomiske måltal:

- **Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter over 1,75 prosent.**
- **Lånegjeld under 85 prosent av brutto driftsinntekt.**
- **Disposisjonsfond på minst 10 prosent av brutto driftsinntekt.**

Kommunen klarer i dag berre å nå målet vedkomande lånegjeld. Pr 1. januar 2026 er disposisjonsfondet på ca. 5 millionar kroner. Det skulle ha vore 45 millionar og driftsrekneskap for 2025 viser underskot. Den økonomiske bereevna er ikkje på plass — og det er ingen ekstraintekter i sikte som vil rette opp dette.

Handlingsrommet — der potensialet ligg

Bildet er alvorleg, men ikkje utan handlingsrom. Analysen peikar på fire område der reelle val kan gi reell effekt.

Ressursane er der — dei er feilprioriterte

Det viktigaste funnet i Telemarksforsking-analysen er at Fjord kommune i dag ikkje har for lite ressursar til pleie og omsorg. Vi har for mykje av dei plasserte i institusjon. Tenesteprofilen skil seg frå andre kommunar:

- 18,7 prosent av tenestemottakarane er i institusjon (mot 16,4 prosent på landsbasis)
- 22,9 prosent er i heildøgns bemanna omsorgsbustader (mot 10,8 prosent på landsbasis)
- 58,4 prosent får heimetenester (mot 72,8 prosent på landsbasis)

Det same mønsteret finn vi innan oppvekst. Fjord kommune brukar vesentleg meir ressursar per elev enn samanliknbare kommunar:

- Netto driftsutgifter per elev i grunnskulen er **252 364 kr** i Fjord, mot 163 131 kr på landsbasis — 55 prosent høgare
- Andel elevar som får spesialundervisning er **14,3 prosent** (mot 7,6 prosent på landsbasis)
- Gruppestørrelsen er lav: 9,1 elevar mot 15,6 på landsbasis

Den demografiske utviklinga vil redusere behovet innan barnehage og grunnskule med mellom 25 og 65 mill. kr fram mot 2050, samtidig som behovet innan pleie og omsorg aukar med 57–60 mill. kr. Desse ressursane kan i stor grad omprioriterast — men det krev aktiv styring. Dei kjem ikkje automatisk.

Ei dreining mot heim, eigenmeistring og førebygging frigjer ressursar utan å redusere tenestekvaliteten — og gjer kommunen mindre sårbar for arbeidskraftmangelen som kjem.

Førebygging og velferdsteknologi har målbar økonomisk verdi

Telemarksforskings modell viser kva førebygging og teknologi kan utrette, omsett til omsorgskapasitet:

Ved utvikling med saktare aldring (1 år per tiår) og produktivetsauke på 4 prosent kan veksten i behovet for heildøgns omsorg **reduserast frå 87 prosent til 19 prosent** fram mot 2050. Det betyr 64 plassar i staden for 101.

Førebygging og velferdsteknologi er ikkje mjuke verdiar — det er konkret omsorgskapasitet kommunen kan spare.

Husbanken som finansieringsarm

Husbanken gir tilskot til omsorgsbustader og institusjon på eit nivå som i dag ikkje blir nytta fullt ut:

- **45 prosent tilskot** (maks 1,922 mill. per eining) til omsorgsbustader, pluss meirverdiavgiftskompensasjon
- **55 prosent tilskot** til institusjon, personalbase og fellesareal, pluss meirverdiavgiftskompensasjon
- Startlån som kan brukast til å hjelpe innbyggjarar inn i eigen bustad — også som rekrutteringsverktøy

Ein typisk habiliteringsbustad med byggekostnad på 5 mill. kr kan finansierast med 1,9 mill. i tilskot og 1 mill. i mva.-kompensasjon, slik at kjøpesummen for brukaren blir om lag 2 mill. Modellen er allereie i bruk på habiliteringsfeltet og bør utvidast.

Næringsutvikling og samarbeid

Inntektsida må styrkast parallelt med kostnadssida. Tilflytting og nyetableringar gir framtidige skatteinntekter. Kommunen har konkrete moglegheiter:

- Ferdigstilling av arealplan, sjøarealplan og reguleringsplanar i bygdesentera
- Tilrettelegging for bustadbygging i samarbeid med private aktørar (også i form av offentleg-privat samarbeid)
- Aktiv bruk av arealplanlegging, næringsfondet og kommunalt eigarskap
- Utvida interkommunalt samarbeid — særleg gjennom Ålesundsregionen — for å løyse rekrutterings- og kompetanseutfordringar

Livsløpstrappa som styringsverktøy

Levekårsplanen som skal vedtakast hausten 2026 byggjer på ei livsløpstrapp med fire trinn:

- **Trinn 1: Førebygging** — tiltak som hindrar at hjelpebehov oppstår
- **Trinn 2: Eigenmeistring** — at innbyggjarane kan bu og klare seg sjølve lengst mogleg
- **Trinn 3: Tilrettelegging** — heimetenester, hjelpemiddel, tilpassa bustader
- **Trinn 4: Spesialisert hjelp** — sjukeheim, institusjon, høgintensive tenester

Trappa er prioriteringsverktøyet. Kvart steg opp i trappa er meir kostnadskrevjande enn det førre. Mål for tenesteutviklinga er at flest mogleg klarer seg lengst mogleg på dei nedste trinna.

Telemarksforsking-analysen stadfestar dette grepet: dagens prioritering mot trinn 4 gir høge kostnader utan tilsvarande gevinst i kvalitet samanlikna med andre kommunar. **Livsløpstrappa er ikkje berre ein fagleg modell — det er den mest konkrete økonomiske strategien kommunen har.**

Tiltaka i den fullstendige analysen vil bli mappa til livsløpstrinn som grunnlag for arbeidsverkstaden 20. mai.

Spørsmål som krev avklaring

Analysen reiser fem overordna spørsmål som kommunestyret vil bli bedne om å ta stilling til i den vidare prosessen — ikkje på arbeidsverkstaden 20. mai, men gjennom levekårsplanen, økonomiplanen og dei sektorvise prosessane som følgjer.

1. Økonomisk berekraft og investeringsevne

Korleis skal kommunen etablere ei drift som er økonomisk berekraftig — og som samtidig gir rom til å investere i det vi veit kjem? Kjende investeringsbehov er blant anna ny eller oppgradert sjukeheimskapasitet, moderne omsorgsbustader og framtidig barnehagekapasitet.

2. Dreining av ressursar innan og til pleie og omsorg

Skal kommunen gradvis flytte ressursar frå institusjonsbaserte tenester mot heimetenester, førebygging og eigenmeistring — slik Telemarksforsking-analysen og livsløpstrappa peikar mot? Og korleis forhalde seg til behovet for å flytte ressurs frå oppvekst til omsorg?

3. Investeringar og bygningsmasse

Korleis skal kommunen prioritere mellom ny sjukeheimskapasitet, omsorgsbustader (med Husbanken-finansiering), reduksjon i bygningsvolum, transformasjon av bygningsmasse og innhenting av vedlikehaldsetterslep både på bygningsmasse og anna infrastruktur? Investeringsbehovet er reelt, men driftsbudsjettet kan ikkje (indirekte) belastast slik ein i praksis har gjort til no.

4. Samarbeid og kompetanse

Korleis skal kommunen nytte interkommunalt samarbeid for å løyse rekrutterings- og kompetanseutfordringar? Retning og omfang på samarbeidet — Ålesundsregionen, Stranda-aksen, eller kombinasjonar.

5. Nærings- og samfunnsutvikling

Korleis skal kommunen arbeide aktivt med nærings- og samfunnsutvikling for å sikre framtidige inntekter, arbeidsplassar og attraktivitet? Dette er lyset i horisonten — og ein føresetnad for at dei andre vala ikkje berre blir kutt, men omstilling mot noko. Fjord kommune har konkrete fortrinn: naturressursar, etablert næringsliv, god digital infrastruktur og ein posisjon/utvikling som no blir lagt merke til regionalt og nasjonalt.

Vegen vidare

Den heilskaplege analysen er eitt av fleire dokument som dannar grunnlag for langsiktig arbeid. Den må sjåast i samanheng med:

- **Levekårsplanen 2026–2033** — under utarbeiding, vedtak hausten 2026
- **Telemarksforsking sin kapasitets- og behovsanalyse** for helse og omsorg (april 2026)
- **Utgreiing av oppvekststruktur** (lagt fram hausten 2025)
- **Sak om kommunal eigedomsmasse** (planlagt tidleg haust 2026)
- **Strategi for helse, omsorg og velferd 2025–2028** (vedteken 29.04.2025)
- **Innføring av Framsikt** som budsjett- og rapporteringssystem

Arbeidet med ei slik analyse, på tvers av alle kommunalområda gjennomført i hovudsak i eigen regi, er så langt kommunedirektøren kjenner til, banebrytande i kommune-Noreg. Fjord kommune ligg difor langt framme i utviklingsarbeidet. Analysen blir følgt tett av Distriktssenteret, Statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune, som alle har gitt fagleg bistand i prosessen.

Arbeidsverkstaden 20. mai 2026 har som mål å byggje felles forståing av utfordringsbiletet og foreslå tiltak — ikkje å gjere vedtak. Tiltaka vil bli forankra i livsløpstrappa og inngå i levekårsplanen som blir lagt fram for politisk handsaming hausten 2026.

Kva analysen ikkje handsamar

For å unngå misforståingar om omfanget gjer vi merksam på følgjande:

- Skulestruktur er handsama gjennom eiga utgreiing hausten 2025 og ikkje gjenteken her
- Den samla kommunale eigedomsmassen blir vurdert i eiga sak tidleg haust 2026 (jf. kommunestyret 11.12.2025, sak 081/25)
- Grensejusteringa vedkomande Liabygda kjem i effekt frå 1. januar 2027. Justeringa vil gi konsekvensar for folketal, tenestebehov og økonomi. Sidan det ligg ikkje føre nok konkret informasjon er dette ikkje tatt inn som heilskap men omtala på kort sikt under helse, omsorg og velferd.
- Ytre rammer som administrasjonen ikkje rår over — statleg styring, lov- og forskriftsverk, tariffavtaler — er ikkje tema for analysen
- Effekten av EU sitt reviderte avløpsdirektiv på kommunale gebyr er nemnd, men ikkje fullt utgreidd

Avsluttande merknad

Fullstendig analyse vert sendt ut i veke 18. Innspel frå formannskapet, høyringsinstansar og arbeidsverkstaden 20. mai for å legge eit felles fundament for dei komande prosessane.

Fjord kommune står i ein situasjon som krev både realisme og handlekraft. Dei demografiske og økonomiske drivkreftene er gitte. Men måten kommunen møter dei på, er framleis eit politisk val.